
Fra: Linda Haukås <linda_haukas@hotmail.com>
Sendt: tirsdag 24. juli 2018 11.58
Til: Postmottak Lindås
Emne: Lyngfjellet/Haukåstoppen på Lindås

Lyngfjellet/Haukåstoppen på Lindås og området rundt -nokre tankar om framtidig utnytting

For fire år sidan tok vi over familieeigedommen på Haukås, gardsnummer 104, bruk nr 1. Til eigedommen høyrer og bruksnumra 22, 26 og 48. I tillegg eig vi bruk nr 17, ein skogsteig ned mot Haukåsstraumen. Alt i alt utgjer dette ca 200 dekar.

Det var full drift på garden fram til 1989. I dag vert deler av eigedommen lånt ut til beite for ammekyr, for å hindra at den gror til med småskog.

Eigedommen er eit populært turmål. På toppen av Lyngfjellet, like ved Telenors mobilsender, vert det årleg registrert omlag 5000 besøkande som enten går eller spring opp. Folk følgjer enten vegen forbi huset vårt, eller ein av de fire stiane som går frå ulike kantar. Vi har ingen problem med turfolket, og det er bare hyggeleg at dei nyttar området.

Dei siste åra har området grodd til med grantrær, slik at det nesten ikkje lenger er utsikt der ein tidlegare kunne sjå milevis i alle retningar. Mange har kommentert dette, men vi rår ikkje med å hogga ned den vegetasjonen som trengs. Vår draum er at eigedommen berre skal ha den vegetasjonen som er naturleg, altså utan gran.

Det første spørsmålet vi har er såleis: Finst det nokre tilskotsordningar for å fjerna uønska vegetasjon, dvs sitkagran, som er i ferd med å øydelegga kulturlandskapet?

Lindås kommune har invitert til innspel rundt kommuneplanen sin arealdel.

Eigedommen vår ligg i eit LNF-område, men vi meiner det er fleire gode grunnar til at deler av han kan nyttast til bustadføremål. Området i søre del av eigedommen (rundt bruka 25, 52, 27 og 39) har ingen verdi som landbruksareal. Der er det kort veg til offentleg veg, skular og butikkar. Kommunal vassleidning går langs den gamle hovudvegen. Jo høgare ein kjem opp i terrenget, jo finare tomter får ein, med ein utruleg utsikt.

Det andre spørsmålet er då: Kva skal til for å få skilja ut bustadtomter her? Kan ein utarbeida reguleringsplan for området, eller må ein søkja om dispensasjon frå byggeforbodet i kvart einskild høve? Vi vil tru at ein reguleringsplan med sine krav til sakshandsaming vil vera det mest ryddige.

Helsing
Linda Haukås og Arne Hope

Få Outlook for iOS

Få [Outlook for iOS](#)